



Norsk Almenningforbund

Landsomfattende sammenslutning av norske bygdealmenninger

9. oktober 2017

Det Kongelige Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Norsk almenningingsforbund gjev slik uttale til framlegg om ny *forskrift om skogbehandling og skogsdrift i Oslo og nærliggjande kommunar*:

- Norsk almenningsforbund er nøgd med at Landbruks- og matdepartementet ønskjer eit regelverk som legg til rette for effektiv forvalting av skogbruket i Marka. Ved at reguleringar som er nedfelt i anna regelverk blir tatt ut av forskrifta, inneber at forvaltinga blir enklare for alle partar.
- Markaloven skal regulere byggje- og anleggstiltak i Marka, medan skogbruket blir regulert av skogbrukslova og med forskrift. Det er positivt at departementet følgjer opp føresetnadene som ligg til grunn for markaloven ved at restriksjonsnivået for skogbruket i hovudsak skal vere det same som før loven tok til å gjelde.

Nokre kommentarar til enkelte paragrafer i framlegget til ny forskrift:

§2 Verkeområde

Vi ser det som naturleg at markaforskrifta omfattar same geografiske virkeområde som markaloven.

§3 Hogst og flatestorleik

I dei mest bynære områda blir det lagt opp til at storleiken på hogstflater ikkje skal vere større enn 30 daa, medan grensa blir sett ved 50 daa i resten av Marka. Norsk almenningsforbund meiner at desse grensene ikkje bør vere absolutte, men at dagens ordning med tilrådde grenser blir ført vidare. Det bør vere rom for skjønn i forhold til m.a. topografi, bonitet, hogstklasser og omsyn til friluftslivet mm. i forhold til storleiken på hogstflatene.

Almenningsforbundet går også inn for at kriteria for kva som er eit bynært område blir harmonisert med anna regelverk. T.d. kan grensene for helgefreding i jaktforskrifta bli brukt også for skogbruket.

§ 4. Foryngingsmetodar og etablering av ny skog

I §4, tredje ledd meiner vi at siste setning (Frøtre- eller skjermstillingshogst, småflatehogst, kanthogst eller gjennomhogst skal brukast i område der vilkåra for naturleg forynging er tilfredsstillande) kan bli tatt ut fordi dette er definert i første ledd og derfor er overflødig.

§7 Melding om hogst

Norsk almenningsforbund støttar framleggelsen om å ta bort meldeplikta for hogstar under 10 daa. Dette vil redusere arbeidsmengda for både skogeigarar og kommunane. Dessutan vil denne endringa stimulere til hogstar med mindre synlege verknader i landskapet, og det vil bli enklare for fleire skogbrukarar å hogge samtidig når dei slepp å vente på godkjenningsvedtak. Dette vil kunne gje mindre køyring i terrenget og meir effektiv drift. Norsk almenningsforbund meiner også at framleggelsen om å endre innhaldet i meldeplikta for hogstar over 10 daa er positivt. At kommunane berre skal gjøre vedtak i tilfelle der hogst blir nekta eller avgrensa, er ei forenkling både for skogeigarane og kommunane. Så lenge hogstar over 10 daa blir meldt kommunen, vil omsynet til berekraftig skogbruk og verdiane knytt til friluftsliv mm. bli tatt vare på samtidig som ålmenta blir sikra innsyn.

Ut over dette har vi ikkje merknader til høyringsframleggelsen.

Med vennleg helsing Norsk almenningsforbund

Lars Even Nordby
- styreleiar-
(sign)

Sæbjørn Forberg
- forbundssekretær-